



Velkommen som Vg2-elev ved Voss gymnas!

Første skuledag vert **måndag 17. august**. Denne dagen er sett av til startsamtaler mellom kontaktlærarar og elevar. Voss gymnas tykkjer det er ei føremon om føresette til elevar under 18 år har høve til å møte saman med eleven. Av erfaringar veit me at god kommunikasjon mellom skule og heim er viktig, men dersom det av ulike grunnar ikkje høver for føresette å møte, har me forståing for dette. Det er sett av ca.15 min til samtale med kvar elev. Målet med denne samtalen er at kontaktlæraren skal verta snarast mogleg kjend med elevane sine, slik skulegangen kan verta tilpassa den einsskilde.

Andre skuledag, tysdag 18. august skal du møte i idrettshallen kl. 10.00 til felles opning for vg2 og vg3 før du går til klasserommet saman med kontaktlærar.

Nedanfor fylgjer nokre stikkord som skulen oppfattar som viktige i startsamtaalen:

- Forventningar til vidaregåande skule
- Kvifor dette skulevalet – planar for framtida
- Arbeidsvanar
- Behov for særleg tilrettelegging (ta med dokumentasjon)
- Eventuelt andre tilhøve

Etter startsamtaalen vil det verta gjennomført nokre praktiske gjeremål i høve til boklån. Om du har nasjonalt lånekort, ta gjerne med deg dette. Dersom du har startsamtaale etter kl. 13.00, kan du gå for å låna bøker før samtalen. Du får tildelt bokskåp på startsamtaalen.

Tid for startsamtaale får du på SMS direkte frå kontaktlærar.

Me ynskjer deg velkomen til Voss gymnas og vonar at du alt frå første skuledag får eit godt skuleår her.

Venleg helsing

Håvard V. Styve
Rektor Voss gymnas

Me gjer merksam på at det ikkje er høve til å parkere ved skulen. Det er vanlegvis god plass i parkeringshuset (Vossapark).